



BIR

Voss Hardanger

Til Eidfjord kommune, Ulvik herad og Voss herad

Arkiv: nummer

Vår ref: AT

Dato: 26.02.2026

Orienteringssak - Endring av tømmeruter og tømmedagar i Eidfjord, Ulvik og Voss. For glas- og metallemballasje.

Bakgrunn

BIR Voss Hardanger har merka alle hushaldsdunkar i Eidfjord, Ulvik og Voss med RFID-brikke og adresseetikett. Dette gjer at me har oversikt over rett dunk til rett abonnent, og gjer oss betre rusta til å oppfylle nasjonale krav til utsortering av hushaldsavfall. Samstundes legg det til rette for betre ruteplanlegging, meir effektiv drift og redusert miljøavtrykk.

Tømmerutene har vore lite endra dei siste 20 åra, samtidig som nye bustader og bustadfelt har vorte bygde. Nokre ruter har vorte lengre, andre kortare. Difor har det vore behov for å justera rutene for å oppnå ein meir effektiv og miljøvenleg løysing. Dette har blitt arbeida med og det medfører no i fyrste omgang endra ruter for glas-og metallemballasje.

Gjennomføring

For dei fleste vil dette innebere ei omlegging i starten, og det kan kjennast uvant før dei nye rutane set seg. Me startar difor i det små, med den fyrste endringa for glas- og metallemballasje. Endringane vil trappast opp stegvis i løpet av 2026:

1. **Glas- og metallemballasje – frå veke 16 (midten av april)**
2. Papir, papp og plastemballasje – frå hausten 2026
3. Restavfall og matavfall – frå hausten 2026

Tømmefrekvensen vert ikkje endra. Nye tømmedagar vil gjelde for dei aller fleste abonnentar, og alle vil få varsel via SMS no i overgangen.

Informasjon til abonnentane

- Abonnentane vil få informasjon gjennom vårt infoskriv «Miljøbladet», annonse i lokalavis, BIR Voss Hardanger si heimeside, SMS-varsling frå Birvh og Facebook.
- **Ber om at kundetorga fjerner tømmekalender / eller dersom dele ut: stryke ut kolonne for glas-og metall.**
- For glas- og metallemballasje vil SMS-varsling erstatte behovet for å halde oversikt over tømmedagar.
- BIR Voss Hardanger si tømmeapp vil varsle om andre fraksjonar, medan glas- og metallemballasje vert varsla via SMS inntil ny app er lansert.

Vidare framdrift

Når ordninga for glas- og metallinnsamling er godt innarbeidd, vil tilsvarende endringar gjennomførast for andre avfallstypar. Målet er ei samordna og digitalisert tømmeordning for alle fraksjonar.

BIR Voss Hardanger ønskjer å sikre at kommunane er orienterte om desse endringane, og at kundetorga er oppdaterte slik at abonnentane får korrekt informasjon, særleg med tanke på utdeling av tømmekalender.

Med venleg helsing

BIR Voss Hardanger

Dersom spørsmål ta kontakt på tlf 56 52 99 00